




Partiveteranen Otto Benjaminson opnar årsmøtet. Til venstre sit leiar Hildegunn Eiane Aarhun

**Kvinnherad KrF meiner partiet skal halda fast på reservasjonsretten i samtalanene med regjeringspartia. Det ga dei samøystes uttrykk for i ei uttale som vart vedteke under årsmøtet i KV-lokala i Uskedalen ikveld. Reservasjonsretten for legar mot å henvisa til abort er ei ordning som sikrar legane høve til å utøva yrket sitt i tråd med eige samvit og overtyding i spørsmål som handlar om liv og død. Eventuelle endringar i lovverket som gjeld legen sin rolle ved livets slutt kan koma til å bli ei liknande utfordring for legane, heiter det i uttala.**



Ingebrigt Sørfonn er uroa av Frp-signalar

Det blir også vist til høyringsbrevet der det er lagt opp til at ein skal vedta lokalt/kommunalt om legane skal ha ein reservasjonsrett. Ved å leggja avgjerda til kommunen kan retten bli svekka. Dessutan vil ei handsamling kommunalt lett bli ei partipolitisk sak der ein drøftar sjølve abortlova og ikkje reservasjonsretten, blir det påpeika. Etter årsmøtet sit desse i styret: Hildegunn Eiane Aarhun, Valen (leiar). Otto Benjaminson, Halsnøy, Frøydis Sjø, Halsnøy, Leiv Kongestøl, Ænes og Maghild Eide Furdal, Matre.

Gruppeleiar for dei 3 frå partiet i kommunestyret Marit Elisebet Totland ga i rapporten sin uttrykk for at 2013 var eit uroleg politisk år der det utad framsto som eit styre utan handlekraft. Det er strevsamt å arbeide politisk under slike tilhøve og det slit også unødig på dei som skal nytta dei kommunale tenestane.

Partiet fekk 9,3 prosent av røystene i valet og det var ein framgang på ein halv prosent og noko som dei var godt nøgde med. Trass i stor rørsle i veljarmassen frå forrige val klarar partiet å halda på veljarar og få nye. Det var noko tilbakegang i indre del mens det

gjekk fram i alle bygder mellom Omvikdalen og Holmedal. På Halsnøy var det omtrent status quo.

Partiveteranen Ingebrigt Sørfonn frå Fitjar heldt årsmøtetala og heldt fram at god distriktspolitikk og god næringspolitikk er to sider av den same saka. Han var uroa av signala frå den nye landbruksministeren.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen